

EVENTYRKARUSELLEN ●●● ●

DET ER MANGE MENNESKE SOM HAR VORE MED PÅ Å LAGE DEN FRAMSYNINGA DU SKAL SJÅ I KVELD. STYKKET ER SKRIVE AV TO TSJEKKISKE DAMER- **ŠTÍTNICKÁ** OG **V. WEISELOVÁ**. OG SIDAN DU IKKJE FORSTÅR TSJEKKISK, HAR **MILADA BLEKASTAD** OMSETT DET TIL NORSK. OG SÅ MÅTTE VI JO HA MUSIKK TIL-DEN HAR **TOR HULTIN** LAGA.

REGISSØREN HEITER **KAREL HLAVATY** OG KJEM OGSÅ FRÅ TSJEKKOSLOVAKIA EIN REGISSØR KAN SAMANLIKNAST MED EIN ORKESTERDIRIGENT- HAN LEIER ARBEIDET MED SKODESPELARANE, BESTEMMER KORLEIS STYKKET SKAL SPELAST OG T.D. KORLEIS LYSET SKAL VERE.

REGISSØREN HAR OFTE EIN REGIASSISTENT- HAN HEITER **ASBJØRN TOMS**. HAN HAR ØVD INN REPLIKKANE MED SKODESPELARANE.

TIL EIT TEATERSTYKKE MÅ VI OGSÅ HA KOSTYME OG KULISSER. DESSE HAR **NINA MARTINS** TEIKNA, OG SÅ HAR MÅLARSALEN OG SYSTUA LAGA DEI ETTER HENNAR TEIKNINGAR.

VI HAR OGSÅ EIN MANN SOM TAR OPP ALLE MOGLEGE LYDEFFEKTR OG MUSIKK PÅ BAND. DERSOM VI T.D. VIL HA FUGLEKVITTER, TORDENBRAK, HESTETRAMP ELLER SKOGSUS MED I STYKKET, ORDNAR LYDMEISTAR **MENY BLOCH** DET! MEN HAN SOM SPELAR LYDBANDET IDAG HEITER **EGIL ØDEGÅRD**.

INSPISIENTEN HEITER **REIDAR JAMVOLD**. HAN RINGER MED KLOKKA NÅR FRAMSYNINGA SKAL TA TIL, PASSAR PÅ AT SKODESPELARAR OG REKVISITTA ER PÅ PLESS, SPELAR LYDBAND, SØRGER FOR AT

KULISSER ER I STAND, GIR MELDINGAR TIL LYSMEISTEREN OG MANGE, MANGE ANDRE TING. HAN HAR ANSVARET FOR AT FRAMSYNINGA GÅR SOM DEN SKAL.


REKVISITØREN **IRMELIN WISTER** MÅ SKAFFE ALLE REKVISITTA (TINGA) DET VERT SPELA MED I STYKKET. DET KAN VERE ALT FRÅ JULETRE OG SUPPETERRINAR TIL GAMLE RUSTNINGAR.



DERSOM SKODESPELERANE AV OG TIL GLØYMER KVA DEI SKAL SEIE, SIT SUFFLØREN **MAGNHILD ANDERSEN** BAK KULISSENE OG HJELPER DEI PÅ GLI.



NÅ VEIT DU LITT OM KORLEIS EIT TEATERSTYKKE BLIR TIL. OG SKODESPELARANE DU FÅR MØTE I KVELD (OG SOM OGSÅ SPELAR MED DOKKENE) ER:

- ROLF SAND**
- BENTE LUND**
- KARIN HAUGEN**
- CAMILLA TOSTRUP**
- RAGNHILD WANG**
- ØIVIND BLUNCK**
- ARIL MARTINSEN**
- BIRGER THURN-PAULSEN**
- BJØRN SKJEFSTAD**
- IRMELIN WISTER**

EVENTYR- KARUSELLEN

DET NORSKE TEATRET 



HAR DU LYST TIL Å LAGE
EIN SPRELLEMANN? HER ER
KLOVNER FLOP FRÅ EVENTYRKARUSELLEN,
MEN SOM DU SER, HENG HAN IKKJE
SAMAN ENNO. DU KAN
SJØLV FARGELEGGJE HAN
OG KLIPPE UT ALLE
DELANE NØYAKTIG, SÅ
FESTAR DU DEI SAMAN
SLIK SOM TEIKNINGA VISER.
DU KAN FESTE LAUST TIL
KVARANDRE MED SPLITT-
BINDER-  ELLER
MED EIN  HYSSING-
STUMP SOM HAR EIN
KNUTE I KVAR ENDE. SÅ
FESTAR DU TREKKESNORA
TIL DOKKA (SJÅ TEIKNING),
FESTAR EI LØKKE TIL
HOVUDET HANS- OG SÅ
SPRELLAR HAN SÅ OFTE
OG
MYKJE DU
BERRE
VIL!
HAN
BLIR EKSTRA FIN
DERSOM DU BIND
EI LITA KULE
NEDST PÅ
TREKKESNORA.